



# VERNEPLIKTS- PROGRAMMET

[www.pdf-arkivet.no/soldat/](http://www.pdf-arkivet.no/soldat/)

2015

## INNLEIING

Vernepliktsprogrammet er ei oppsummering av sentrale synspunkt og krav til dei vernepliktige. Tanken med programmet er å gjeva nye soldater og tillitsmenn eit greit oversyn over soldatpolitikken, slik at ein lettare og snøggare skal kunne koma inn i arbeidet med å få sakene gjennomført.

Hovedvekta er lagt på å få ei grei og stutt utforming av programmet. Dei som ynskjer å setja seg grundigare inn i kvar sak kan studera møtepapira frå Landskonferansen o.l.

Vernepliktsprogrammet skal delast ut til alle nye mannskap både ved sesjon og fyrstegongsinnrykk. Det skal vidare vera fast standard materiell i «dokumentsamlinga» hjå alle tillitsmenn.

## SPRÅKLEG JAMSTELLING

Forsvaret skal på lik linje med andre deler av statsapparatet følgja lova om målbruk i statstenesten. Denne lova er på fleire punkt ikkje respektert i Forsvaret idag. Alle skriv, brevveksling, brevkular og avisar (særleg Mannskapsavisa) må praktisera språkleg jamstelling.

Vernepliktsprogrammet er delt inn i sju kapitel:

### I. Aksjonsprogram

Her er dei viktigaste sakene ein skal ha gjennomført til neste Landskonferanse.

### II. Tillitsmannsordninga/Interesseorganisasjon

### III. Demokratiske rettar

Denne delen, som tek opp prinsipielle sider ved det å vera soldat, omhandlar politiske og juridiske rettar og rettar som er knytt til velferda.

### IV. Økonomiske krav

Det prinsipielle synet til dei vernepliktige på økonomiske spørsmål vert teke opp her. I tillegg kjem andre einskilde krav om økonomisk status.

### V. Ymse opplysningar

### VI. Rettleiling for tillitsmenn

Denne delen av programmet summerer opp røynsler som tillitsmenn har gjort i arbeidet sitt.

### VII. Ymse forsvarspolitikk

Forsvarspolitikk som er aktuell for soldatane sin situasjon vert teke opp her.

Det er rimeleg at seinare Landskonferansar reviderer programmet i samsvar med kritikk som måtte koma, og dei røynsler som vert gjorde.

## VERNEPLIKTSPROGRAMMET 1976/77

Dette er Vernepliktsprogrammet som vårt vedteke på Landskonferansen 1976. Dette programmet inneheld ein del nye vedtak, men følger i hovudsak same opplegg som vernepliktsprogram tidlegare. Dette endelige utkastet er utarbeidd av LTF/S og godkjent på møte i Landsutvalet august 1976.

I år er vernepliktsprogrammet trykt på nynorsk. Det har vi gjort i samsvar med dette vedtaket på Landskonferansen: »Dersom det ikkje er råd økonomisk å gje ut eit vernepliktsprogram på begge målføre, bør det skrivast på nynorsk.»

Landsutvalet for tillitsmenn i Forsvaret/sekretariatet

## I. AKSJONSPROGRAM



sjonsprogrammet tek opp dei største sakene for dei verpliktige. Desse sakene skal soldatene og tillitsmennene deira arbeida for fram til neste landskonferanse.

Aksjonsprogrammet skal vera ei praktisk orientering av kvara ein tar opp i Vernepliktsprogrammet. Aksjonsprogrammet må vera ei hjelp mot at interessekampen til soldatane vert oppsplitt og tannlaus, slik at »1000 krav koker bort i kålen». Det har vore ein tendens til no.

På den andre sia må ikkje dette oppfattast slik at soldatane og tillitsmenn ikkje kan ta opp andre saker enn dei som er nemnde i aksjonsprogrammet. Krava må kombinerast med ei aktiv mobilisering av soldatane for ei generell nivåheving og for dei einskilde krava. Aksjonar og andre arbeidsformar må nyttast for å sette reelt press på styremaktene. Her må LTF gå i spissen.

LTF må halda fast på den prioriteringa av krava som Landskonferansen gir. Og vi slår fast at disse krava i hovudsak er minimumskrav. LTF kan sjølv sagt prioritera om krava der som nokre av dei er delvis innfriid i perioden. Men vernepliktige i LTF må aldri »si seg nøgde med» delvis innfriing dersom ein samstundes skal gi løfté til styremaktene om at kampen vidare for full innfriing skal stoggast.

Krava vi reiser er minimumskrav og rettvise krav.

### 1. 6-8 gratis heimreiser

Alt etter som ein har 12 eller 15 månaders teneste. Perm på heimstaden er idag den beste velferda soldatane har. To av reisene må gje minst 84 timer på heimstaden i tillegg til langpermane.

### 2. 25,- kroner dagen for korporaler og menige

Det er ikkje tvil om at dei fleste soldatane i dag taper pengar på å gjera militærtjenesta, så lenge berre om lag 1/4 av norsk ungdom gjer verneplikt.

### 3. Generell nattperm og bruk av sivil tøy i leiren etter endt teneste

### 4. Lik tenestetid i veka for befal og menige, og godtjørsle for pliktig overtid.

### 5. Heving av kostøret

Landskonferansen 76 slår fast at kostøret er for lågt, og at det er årsaken til den låge matstandarden i leirene. Kostøret må derfor aukast mykje, men LK 76 vil ikkje gå inn for nokon sats. LK 76 vil derfor gå inn for at det vert halde ei undersøking av behovet på dette området.

### 6. Auka rabatt på sivilt fly

Soldatane må få 50 % rabatt på fast plass på sivile fly (rute og 75 % på sjansebillett).

### 7. Alment sjøtillegg for mannskap med sjøteneste

## II. TILLITSMANNSORDNINGA/INTERESSEORGANISASJON

Ut frå dei røynslene ein har med Tillitsmannsordninga i den forma ho har no, har det vorte reist spørsmål om ho er eit teneleg reidskap for soldatane sine interesser.

På grunn av diskusjonen på Landskonferansen -76 om tillitsmannsordninga og andre samarbeidsformer, pålegg ein Landsutvalet å utarbeida lettfatteleg brosjyremateriell til diskusjon, der dei ulike syna er representerte.

Diskusjonsmaterialet til Landsutvalet skal sendast samtlege soldater og tillitsmannsutval innan 1.oktober.

Det er viktig at soldatane tek direkte del i diskusjonen gjennom allmøter.

Resultatet frå diskusjonane skal sendast LTF innan utgången av året, og LTF vert pålagd å utarbeide ei sammenfatning i brosjyreform som skal sendast tilbake innan 1.mars.

Denne brosjyren og den vidare diskusjonen på grunnlaget danner bakgrunnen for diskusjonen om Tillitsmannsordninga og andre samarbeidsformer på Landskonferansen 1977.

## III. DEMOKRATISKE RETTAR

Dei vernepliktige må så langt som råd ha dei same rettane som sivile arbeidstakrar. I dette ligg at almene demokratiske, organisatoriske, økonomiske og sosiale rettar i det sivile liv og må gjelda i det militære. Unntekter her er streikeretten.

### a. Juridiske rettar

Landskonferansen 76 krev:

- Lov om arbeidsmiljø (arbeidervernloven) må gjelda for vernepliktige mannskap så langt tenesta gjer det mogleg.

### b. Sivile rettar under verneplikta

Reglane som styrer det daglige livet i leiren må ha ei praktisk verdi, og ikkje først og framst ha disiplinær natur.

Reglane om «innholdet for tjenesten» må endres. Dei punktene i »Direktiv om tjenestens innhold» som sjefen kan gjennomføre som prøveordningar, må gjerast permanent.

Dette gjelder spesielt :

- Generell nattperm
- Sivile klær i leiren etter endt teneste, inklusive middag
- Slutt på militær melde- og hilseplikt
- Fri romutsmykning, dersom alle på rommet er samde i det

*Direktiv for perm må endrast :*

- Talet på fridagar vert auka frå 12 til 18 for mannskap med 12 månaders teneste, og frå 15 til 23 dagar for mannskap med 15 månaders teneste. Reisetid skal ikkje rekna i permisjonstida. Laurdag skal ikkje rekna som virke dag når permisjonsdagar vert rekna ut.
- Det må innførast generell laurdagsfri eller ein fridag i månaden ettersom mannskapa ynskjer det.
- Det må innførast lik arbeidstid for befal og meinig. Særstung teneste utover øvingstida skal soldatane ha vederlag for.

c. *Vern mot urimelege ordrar*

Det er visse grenser for dei ordrar ein befallingsmann kan gje, for dei må retta seg etter dei linene Stortinget har drege opp. Å nekta ordre er difor å nekta Stortingets pålegg og vedtak. Difor må styrmaktene syta for klare grenser mellom ordrer som alle må lystra, og andre bod som soldaten står fritt for å følgja.

(Vedteke med 47 mot 46 i plenum)

(Separatavstemming for: 35 mot 45)

Sjå tilleggsopplysningar

d. *Politiske rettar*

Landskonferansen 76 har drøfta spørsmålet om politisk verksemeld i Forsvaret og gjort dette vedtaket :

»Landskonferansen for tillitsmenn i Forsvaret 1976 seier nei til fri politisk verksemeld i Forsvaret, og står de vidare arbeid i denne saka i tråd med utgreiinga frå Forsvarsministerens redegjørelse.«



Dette gjev ein viss rett til å drive studiar og halda opne møte arrangert av dei landsomfattande politiske ungdomsorganisasjonane.

Leiravisene må opnast for alt stoff som held seg til reglane for god presseskikk, også politisk stoff. Dette er grunnleggende dersom ytringsfriheten skal sikrast.

#### IV. ØKONOMI

Som soldatar godkjenner vi plikta til å gjera fyrstegangstene i Forsvaret. Men vi godtek ikkje at denne plikta skal føre til økonomisk tap for oss soldatar. Verneplikta må ikkje tyda det same som tvungne tap av pengar.

Det er spesielt vanskeleg å godta at verneplikta skal være eit økonomisk tap om ein sammanliknar med det sivile livet når berre 1/4 av norsk ungdom gjer militærtjeneste.

Vi krever at ingen soldat må stå därlegare økonomisk når han slutter tenesta enn da han begynte.

Landskonferansen vedtok ei heil rekke økonomiske krav. Samla oversikt over desse vedtaka finn ein i referata frå Landskonferansen.

Her vil vi særleg nemna :

- på kort sikt må vernepliktige med 12/15 månaders teneste få rett til 6 – 8 gratis heimreiser.



#### V. YMSE OPPLYSNINGAR

a. Saker iverksett sidan Landskonferansen 1975 :

- 1000 kronar i dimmepengar
- dimmepengar også til gifte mannskapar
- ulukkestrygd gjeld i 24 timer i døgnet med tilbakeverkande kraft

b. Andre opplysningar :

- LK-76 avviste prinsippet om soldatløn.

– Pottsystemet i tinginga med Staten vart avvist av LK.

– LK-76 sler fast at dei politisk ansvarlege skal avgjere om dei økonomiske ytингane skal takast opp innanfor ramma av forsvarsbudsjettet eller ikkje.

## VI. RETTLEIING FOR TILLITSMENNENE

Denne rettleiinga for tillitsmennene er komen i stand etter dei røynsler ein har hausta siste åra.

Oppsummeringa av røynslene har sjølv sagt ikkje status som nokon instruks men uttrykkjer synet frå Landskonferansen. Rettleiinga for tillitsmannsarbeteid bør drivast.

**1. VAL AV TILLITSMENN** skal skje seinast tre veker etter innrykk. Det er rimeleg at mannskapa får greie på korleis kvar einskild kandidat stille seg til dei ulike soldatpolitiske spørsmåla. Av den grunn kan det vera nytig å ta utgangspunkt i holdings til Vernepliktsprogrammet, og ikkje minst i Rettleiinga for Tillitsmennene når ein skal vurdera kandidata til vervet. Ein kan ikkje godta at tillitsmannen vert avsett av andre enn dei vernepliktige mannskapa som valte han.

Tillitsmannskurs skal haldast seinast ei vekke etter at valet har vore. Den lokale tillitsmannen tilpassar opplegget til dei lokale tilhøva.

**2. TILLITSMANNEN MÅ HA EIT NÆRT FORHOLD TIL MANNSKAPA:** Det beste er at ein får **faste møte** mellom tillitsmannen og mannskapet han representerer. Dette må gjelda både innanfor troppa og for heile kompaniet.

Tillitsmennene må vera lojale overfor soldatane og **retta seg etter vedtak på allmannamøte**. Han må ikkje koma i nokra form for nøytral mellomstilling mellom befalet og soldatane.

Tillitsmannen bør gå inn for å få gjeve ut eit slags blad med «tillitsmannsinformasjon», slik at soldatane både kan verta trekt med i kvar einskild sak og samstundes kontrollera arbeidet til tillitsmannen.

Så langt det er praktisk mogeleg skal tillitsmennene ha til rådvelde eige kontor, telefon, skrivemaskin mm.

Så langt det er praktisk mogeleg skal tillitsmennene ha til rådvelde eige kontor, telefon, skrivemaskin mm. Hovudtillitsmannen har rett å nyttja ein del av tenestetida til arbeidet sitt.

**4. TILLITSMANNEN MÅ HA GOD KONTAKT MED ANDRE TILLITSMENNEN.** Tillitsmennene bør ha **førebuande møte** med befalet og administrasjonen. Dette gjeld alle plan: kompani, leir, distriktskonferanse og landskonferanse.

**Distriktskonferansane** for tillitsmennene må absolutt oppretthaldast, og ein kan ikkje godta at administrasjonen eller departementet legg vanskar i vegen på dette området.

Sakene som vert tekne opp bør **samordnast med andre leirar**. Det svekker arbeidet vårt dersom kvar leir isolerer seg og berre tek opp sine «eigne» saker. Kontakten innan kvart distrikt må byggjast ut og koma inn i faste former, gjerne gjennom at ein vel tillitsmann som har ansvaret for å samordne arbeidet i distriktet.

Tillitsmannen bør **ta kontakt med LTF** med jamne mellomrom gjennom brev, eller helst telefon.

**5. AVGÅANDE TILLITSMANN BØR ALLTID LAGA EI OPPSUMMERING** av tillitsmannsarbeteid i leiren. Dette skal brukast av dei nye tillitsmennene for å sikra kontinuitet i arbeidet.

Dei nye tillitsmennene bør spreia denne oppsummeringa vidare til soldatane.

## VII. YMSE FORSVARSPOLITIKK

I tillegg til dei andre kapitla i Vernepliktsprogrammet som tek opp den dagsaktuelle situasjonen for soldatane både politisk og økonomisk, ynskjer vi også å slå fast vårt syn på norske sentrale «forsvarspolitiske» spørsmål som vedkjem soldatane.

### 1. NEI TIL VERVA HÆR

Mellom dei vernepliktige rår det idag usemje i det prinsipielle synet på Forsvaret. Dette synet vert då heller ikke teke opp som punkt i Vernepliktsprogrammet. Derimot rår det stor semje om at vi føretrekker den oppbygginga Forsvaret har i dag, i motsetning til eit forsvar som heilt eller delvis byggjer på vervingsprinsippet. Ein verva hær kan lett skape motsetningar mellom Forsvaret og resten av folket, og det er vidare lite eigna til forsvar av eit land som Noreg. Av den grunn går vi i mot den tendensen vi har sett dei siste åra med at verva personell kjem i staden for vernepliktig mannskap i ein del spesialjobbar innan Forsvaret.

### 2. VERNEPLIKTSALDEREN MÅ VERA 20 ÅR

Militærtenesta utgjer eit så pass stort ansvar at det krev eit vaksne mannskap. Prinsippet bør vera at kvar soldat er ferdig



med tenåringsalderen før han gjer vernepliktia. Dette må vera sterkeare enn ynskjet om å verta ferdig så tidleg som råd.

oppsummering av sentrale synspunkt og krav frå dei vernepliktige, har dei vernepliktige i Sekretariatet meint at det er rett å opplysa om dei postane der resultatet vart motsett i plenum og separat.

#### 4. LIK TENESTETID FOR ALLE VÄPENGREINER

Det er idag få eller ingen praktiske grunnar for å ha lengre tenestetid i flyväpnet og marinen enn i hæren. Resultatet bør difor vera lik tenestetid for alle vernepliktige. Det må vurderast om tenestetida kan senkast.

Sverige, Danmark og Finland har alle minst tre månader kortare tenestetid enn her i Noreg. I alle høve må eit år vera maksimum.

#### 4. TENESTESTAD NÆR HEIMEN

Fordelinga av mannskapa må bygge på at vernepliktika skjer nærmast heimen. Det er brei semje mellom dei vernepliktige om at den beste forma for velferd er perm på heimstaden. Ei slik plassering vil også gjera det lettare å innfri kravet frå dei vernepliktige om fleire gratis heimreiser..

#### TILLEGGSOPPLYSNING FRÅ DEI VERNEPLIKTIGE I LANDSUTVALGETS SEKRETARIAT :

To av vedtaka på Landskonferansen 1975 vart utelatne i vernepliktsprogrammet av di FD tolka det så at sakene låg utanfor tillitsmannsordninga. Det gjaldt »Ingen troppar mot folket i sosiale kampar» og »Rett til å nekta ordre av samvitsgrunnar».

Dei same sakene vart lagde fram på Landskonferansen 1976.

I plenum fekk »Rett til ordrenekt m v» 46 røyster og motframlegget »Vern mot urimelige ordrar» 47 røyster. Under separatrøysting mellom dei vernepliktige fekk det første framlegget 45 røyster og det andre 35.

»Ingen troppar mot folket m v» vart nedrøysta i plenum med 48 mot og 44 for. Under separatrøysting fekk framlegget 44 røyster medan 36 røysta mot.

Etter føresegnene pkt 35, 3 avsnitt, er røysting avgjerande, difor er postane uteletere av programmet føre. Av di vernepliktsprogrammet etter utsegn frå Landskonferansen er ei



